

Referat frå årsmøtet i Bondeungdomslaget i Molde

Tid: Onsdag 1. desember 2010.

Stad: Reknes Ungdomshus.

Til stades: 13 medlemmer.

1. Formalitetar

Lars Staurset frå arbeidsutvalet (AU) opna møtet. Innkallinga vart godkjend. Møtet valde desse funksjonane:

Møteleiar: Lars Staurset

Referentar: Byrge Fitje og Irene Møllersen Bell

Protokollunderskrivarar: Jonn Nordbø og Arild Horrstad

2. Årsmeldingar

Lars Staurset refererte årsmeldinga frå AU. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Årsmeldinga har og vore lagt ut på Bygdaliv.

Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

Sylvfest Bell las årsmeldinga frå hyttenemnda. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

Årsmøtet takkar hyttenemnda som held oss med hytte.

3. Orientering om Reknes Ungdomshus

Byrge Fitje orienterte om Reknes ungdomshus og svara på spørsmål.

Årsmøtet takkar styret i Reknes ungdomshus.

4. Rekneskap for 2010

Arild Horrstad gjekk gjennom hovudtrekka i rekneskapen og svara på spørsmål.

Arild Jacobsen las revisormeldinga.

Rekneskapen vart godkjend utan merknader.

5. Budsjett

Budsjettforslaget frå AU var lagt ut, og Bente Myklebust presenterte forslaget.

Budsjettet vart vedteke med desse merknadene:

Hyttenemnda får fullmakt til å bruke av eigne midlar til nødvendig vedlikehald (vatn og takteking) på hytta.

Styret, som generalforsamling i Reknes ungdomshus, må ta stilling til eventuell auke i husleiga på Reknes ungdomshus.

Årsmøtet tok pause og god mat vart servert.

6. Val

Randi Reppe Bell la fram innstilling frå valnemnda.

Arbeidsutvalet (AU)

Leiar: Lars Staurset

Kirsten Aure

Bente Myklebust

Anne Lise Farstad

Vara: Randi Irene Sylta

Alle desse vart valde for eitt år. AU konstituerer seg sjølv.

Hyttenemnda

Sylfest Bell (2 år)

Randi Reppe Bell (2 år)

Vara: Åse Marie Longva (1 år)

Desse vart valde.

Nemnda konstituerer seg sjølv.

Arild Horrstad og Ingeborg Kleivset var ikkje på val.

I tillegg er Svein Solbjørg utleigesjef.

Revisorar

Arild Jacobsen (vara: Frøydis Austigard) og Bente Dyrnes Aarø (vara: Atle Bell).

Dette vart vedteke.

Valnemnd

Randi Reppe Bell og Anne Karin Heggem.

Dette vart vedteke.

7. Takk og ære


Ved møteslutt vart det delt ut påskjøningar:


Blomster til AU, rekneskapsførar Arild Horrstad, Byrge Fitje, danserettleiar Irene M. Bell og styremedlem Sylfest Bell.

Molde desember 2010


Byrge Fitje
(referent)


Jonn Nordbø


Irene Møllersen Bell
(referent)


Arild Horrstad